22140147

International Baccalaureate®
Baccalauréat International
Bachillerato Internacional

**NORWEGIAN A: LITERATURE – STANDARD LEVEL – PAPER 1**
**NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE – NIVEAU MOYEN – ÉPREUVE 1**
**NORUEGO A: LITERATURA – NIVEL MEDIO – PRUEBA 1**

Friday 9 May 2014 (morning)
Vendredi 9 mai 2014 (matin)
Viernes 9 de mayo de 2014 (mañana)

1 hour 30 minutes / 1 heure 30 minutes / 1 hora 30 minutos

INSTRUCTIONS TO CANDIDATES

- The Bokmål version is followed by the Nynorsk version.
- Do not open this examination paper until instructed to do so.
- Choose either the Bokmål version or the Nynorsk version.
- Write a guided literary analysis on one passage only. In your answer you must address both of the guiding questions provided.
- The maximum mark for this examination paper is *[20 marks]*.

INSTRUCTIONS DESTINÉES AUX CANDIDATS

- La version en Bokmål est suivie de la version en Nynorsk.
- N'ouvrez pas cette épreuve avant d'y être autorisé(e).
- Choisissez ou la version en Bokmål ou la version en Nynorsk.
- Rédigez une analyse littéraire dirigée d'un seul des passages. Les deux questions d'orientation fournies doivent être traitées dans votre réponse.
- Le nombre maximum de points pour cette épreuve d'examen est *[20 points]*.

INSTRUCCIONES PARA LOS ALUMNOS

- La versión en Bokmål es seguida por la versión en Nynorsk.
- No abra esta prueba hasta que se lo autoricen.
- Elija la versión en Bokmål o la versión en Nynorsk.
- Escriba un análisis literario guiado sobre un solo pasaje. Debe abordar las dos preguntas de orientación en su respuesta.
- La puntuación máxima para esta prueba de examen es *[20 puntos]*.



© International Baccalaureate Organization 2014

https://xtremepape.rs/

https://xtremepape.rs/

# NORWEGIAN A: LITERATURE – BOKMÅL VERSION

# NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE – VERSION EN BOKMÅL

# NORUEGO A: LITERATURA – VERSIÓN EN BOKMÅL



https://xtremepape.rs/

*Skriv en litterær kommentar til av* ***en*** *av de følgende tekstene. I besvarelsen din må du henvise til begge veiledende spørsmål.*

**1.**

Mor skulle kjøre meg ned på søndagsskulen, og vi plukka opp Finn nede ved brua. Eg sette meg baki i lag med han. Vi likte å sitte der båe, sjølv om vi aldri sa noko. Men no bøygde Finn seg mot meg og kviskra:

– Eg trur ikkje på det lenger, på Jesus og slikt.

Eg kika ut av vindauget, håpa at mor ikkje hadde hørt det. Eg skjønte ikkje heilt korleis han kunne seie slikt. Sjølv hadde eg aldri tenkt slik eingong.

– I kveld er siste gongen eg er der, eg manglar bare ei stjerne.

Han heldt fram kortet med bildet av ein engel i midten, det mangla bare ei stjerne for å fylle kanten rundt. No fekk han kassett og bok.

Eg visste at han og foreldra hans bare var hobbykristne, men lell. Heime var vi vanlege kristne. Nokre andre på søndagsskolen var ekstra kristne og dreiv ikkje med anna, men det har ein ikkje tid til når ein driv med gard. Men vi hadde tid til litt, og det hadde Finn òg. Han var ingen dævenkar, slik som dongerivestgutane.

– Eg bestemte meg for det førre gongen, det er bare lureri, det dei driv med, kviskra han.

– Fælt så hemmeleg alt er i dag da, sa mor, men da var vi framme og sprang inn i misjonshuset.

Alt var som før der inne, men det var rart å sitte der etter det Finn hadde sagt. Vi song songen slik vi alltid gjorde. Den som ramsa opp namna på alle som var der, Jesus òg. Han vart nemnt fleire gonger. *Jesus er her, takk og lov*, song vi.

Læraren fortalte ei historie mens han hengte opp figurar på den grøne filttavla. Jesus, disiplar og sauer. Eg klarte ikkje å følgje med på kva han sa. Var for mykje å tenkje på, men eg fekk med meg at Jesus datt ned frå tavla. Han var gammal og hadde dårleg feste på ryggen. Han var mykje brukt. Han er kanskje for mykje brukt, kanskje dei kan bruke nokon andre litt meir, tenkte eg.

Vi skulle teikne det vi hadde hørt om, men eg teikna bare sauene.

Brått vart det ei litt uroleg stemning, alle strekte hals og såg innover i storsalen. Der hadde det kommi ei dame med eit fat fullt av bollar, og to mugger med saft. Vi kasta frå oss teiknesakene og sprang inn.

– Vent litt no, først må vi synge verset, ropte læraren.

Vi folda hendene og song til Mette-liten-fuglen som velsigna både maten og Gud, før vi avslutta med eit langt amen. Det å seie amen er som å legge på røret etter at du har prata i telefonen, hadde ein av dei ekstra kristne forklart ein gong.

Finn la på røret for siste gong.

Alle klappa da han gjekk opp og fekk premien for å ha fylt kortet med stjerner.

– No er eg fri, kviskra han da vi gjekk ut. – Skal du vera med heim og høre på kassetten?

Finn var fri og hadde fått kassett med Børud-gjengen og ei bok om Jesus.

Sigmund Løvåsen, *Nyryddinga* (2003)

(a) Kommenter hvordan forfatteren beskriver barnas situasjon og oppførsel i dette utdraget.

(b) Kommenter bruken av litterære virkemidler i teksten.



https://xtremepape.rs/

**2.**

**Din ungdom**

Din ungdom er gitt deg til odel og eie …
Du skal ikke høkre den bort –
men være den tro, så den åker du pløyer
kan gro når din gjerning er gjort.

Den er ikke evig. Du kan ikke vente
bestandig å eie dens ild.
Men kjemper du for den, og er du den verdig,
så blir den – så lenge du vil.

Din ungdom er skatten du aldri kan øde
… hvis ikke du låser den ned.
I krevende strid vil den tindre og funkle
– men smuldre i dagenes fred.

Du kan ikke *spare* på ungdommens krefter
og ha dem til senere år.
Men bruker du dem, skal du kjenne de vokser
evindelig, vår etter vår.

Nå roper en verden: Vi trenger ditt hjerte,
din evne, ditt brennende sinn!
Og fikk du din ungdom til odel og eie,
så bruk den – . Sett kreftene inn!

Arne Paasche Aasen, *Nakne livet* (1935)

(a) Kommenter forfatterens syn på ungdom og individets ansvar slik det presenteres i diktet.

(b) Diskuter i hvilken grad forfatterens bruk av tegnsetting og andre litterære virkemidler har påvirket din forståelse av diktet.



https://xtremepape.rs/

https://xtremepape.rs/

NORWEGIAN A: LITERATURE –
NYNORSK VERSION

NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE –
VERSION EN NYNORSK

NORUEGO A: LITERATURA –
VERSIÓN EN NYNORSK





https://xtremepape.rs/

*Skriv ein litterær kommentar til* ***ein*** *av dei følgjande tekstane. I svaret ditt må du vise til begge rettleiingsspørsmåla.*

**1.**

Mor skulle kjøre meg ned på søndagsskulen, og vi plukka opp Finn nede ved brua. Eg sette meg baki i lag med han. Vi likte å sitte der båe, sjølv om vi aldri sa noko. Men no bøygde Finn seg mot meg og kviskra:

– Eg trur ikkje på det lenger, på Jesus og slikt.

Eg kika ut av vindauget, håpa at mor ikkje hadde hørt det. Eg skjønte ikkje heilt korleis han kunne seie slikt. Sjølv hadde eg aldri tenkt slik eingong.

– I kveld er siste gongen eg er der, eg manglar bare ei stjerne.

Han heldt fram kortet med bildet av ein engel i midten, det mangla bare ei stjerne for å fylle kanten rundt. No fekk han kassett og bok.

Eg visste at han og foreldra hans bare var hobbykristne, men lell. Heime var vi vanlege kristne. Nokre andre på søndagsskolen var ekstra kristne og dreiv ikkje med anna, men det har ein ikkje tid til når ein driv med gard. Men vi hadde tid til litt, og det hadde Finn òg. Han var ingen dævenkar, slik som dongerivestgutane.

– Eg bestemte meg for det førre gongen, det er bare lureri, det dei driv med, kviskra han.

– Fælt så hemmeleg alt er i dag da, sa mor, men da var vi framme og sprang inn i misjonshuset.

Alt var som før der inne, men det var rart å sitte der etter det Finn hadde sagt. Vi song songen slik vi alltid gjorde. Den som ramsa opp namna på alle som var der, Jesus òg. Han vart nemnt fleire gonger. *Jesus er her, takk og lov*, song vi.

Læraren fortalte ei historie mens han hengte opp figurar på den grøne filttavla. Jesus, disiplar og sauer. Eg klarte ikkje å følgje med på kva han sa. Var for mykje å tenkje på, men eg fekk med meg at Jesus datt ned frå tavla. Han var gammal og hadde dårleg feste på ryggen. Han var mykje brukt. Han er kanskje for mykje brukt, kanskje dei kan bruke nokon andre litt meir, tenkte eg.

Vi skulle teikne det vi hadde hørt om, men eg teikna bare sauene.

Brått vart det ei litt uroleg stemning, alle strekte hals og såg innover i storsalen. Der hadde det kommi ei dame med eit fat fullt av bollar, og to mugger med saft. Vi kasta frå oss teiknesakene og sprang inn.

– Vent litt no, først må vi synge verset, ropte læraren.

Vi folda hendene og song til Mette-liten-fuglen som velsigna både maten og Gud, før vi avslutta med eit langt amen. Det å seie amen er som å legge på røret etter at du har prata i telefonen, hadde ein av dei ekstra kristne forklart ein gong.

Finn la på røret for siste gong.

Alle klappa da han gjekk opp og fekk premien for å ha fylt kortet med stjerner.

– No er eg fri, kviskra han da vi gjekk ut. – Skal du vera med heim og høre på kassetten?

Finn var fri og hadde fått kassett med Børud-gjengen og ei bok om Jesus.

Sigmund Løvåsen, *Nyryddinga* (2003)

(a) Kommenter korleis forfattaren beskriv barnas situasjon og oppførsel i dette utdraget.

(b) Kommenter bruken av litterære verkemiddel i teksten.



https://xtremepape.rs/

**2.**

**Din ungdom**

Din ungdom er gitt deg til odel og eie …
Du skal ikke høkre den bort –
men være den tro, så den åker du pløyer
kan gro når din gjerning er gjort.

Den er ikke evig.  Du kan ikke vente
bestandig å eie dens ild.
Men kjemper du for den, og er du den verdig,
så blir den – så lenge du vil.

Din ungdom er skatten du aldri kan øde
… hvis ikke du låser den ned.
I krevende strid vil den tindre og funkle
– men smuldre i dagenes fred.

Du kan ikke *spare* på ungdommens krefter
og ha dem til senere år.
Men bruker du dem, skal du kjenne de vokser
evindelig, vår etter vår.

Nå roper en verden: Vi trenger ditt hjerte,
din evne, ditt brennende sinn!
Og fikk du din ungdom til odel og eie,
så bruk den – .  Sett kreftene inn!

Arne Paasche Aasen, *Nakne livet* (1935)

(a) Kommenter forfattarens syn på ungdom og individets ansvar slik det vert presentert i diktet.

(b) Diskuter i kva grad forfattarens bruk av teiknsetjing og andre litterære verkemiddel har påverka di forståing av diktet.



https://xtremepape.rs/